

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Nordåker, Tysvær kommune

Fylkesmannen sendte 7. januar 2019 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Nordåker i Tysvær kommune.

Det kom i alt seks merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Språkrådet har vurdert namneform for verneområdet og stør skrivemåten Nordåker naturreservat.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei har ingen merknader til oppstart av frivillig skogvern på Nordåker i Tysvær kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Haugaland Kraft Nett AS peikar på at dei eig eit kraftlinjeanlegg 22kV i nærleiken av reservatet. Hk Nett gjer oss merksam på at skogryddingsbeltet må oppretthaldast uavkorta med ein bredde på 16-20m langs linja. Vidare peikar Hk Nett på mangefull informasjonsflyt frå Fylkesmannen, ved at «verken kart, matrikkel, link til kartportal med matrikkeldata» er innarbeida i skrivet.

Fylkesmannen sin vurdering er at kraftlinja HK syner til ikkje er i nærleiken av grensa til verneområdet, om lag 250 m mellom grensa og kraftlinja. Me ser ikkje at kraftgate eller åtkomst til kraftgate vil råke ved vernearealet slik forslaget føreligg. Vidare tek Fylkesmannen Hk Nett sine kommentarar om informasjonsflyt til etterretning og vil freiste å vere tydlegare i liknande saker, men me vil påpeike at kart over framlegg til vernegrense var vedlagt oppstartsbriefet.

Norges vassdrags- og energidirektorat har vurdert framlegg til verneområde med omsyn til eksisterande og planlagt energi- og nettanlegg, m.m. Dei peikar på at området ligg innanfor analyseområde for nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE peikar på ein mogleg framtidig konflikt i tilfelle området blir identifisert som eit av dei mest egna områda i nasjonal ramme for vindkraft. NVE ber oss om å inkludere Statnett SF på lista over høyningspartar. Vidare stadfestar NVE at der ikkje er nokre eksisterande eller planlagde nettanlegg i område framlagt til frivillig vern.

Fylkesmannen syner til at brorparten av Rogaland er inkludert i NVE sine analyseområder. Arealet som er foreslått av grunneigar til frivillig skogvern ligg innanfor dei såkalla mjuke eksklusjonene, som vil sette ekstra krav til evt. vindkraftutbygging. I vår vurdering av analyseområda til Miljødirektoratet har me område som inkluderer Nordåker er lite eigne til framtidig vindkraft da det vil gjere uforholdsmessig negativ påverknad på biologisk mangfold. Eit vern av dette avgrensa område vil sikra naturverdiane, og la desse få utvikla seg for framtidig nytte gjennom deira økosystemtenestar. Vidare er vern av skogen eit lokalt initiativ frå grunneigar saman med skognæringa.

Fylkesmannen tek elles til etterretning at NVE peikar på at forslaget ikkje er i konflikt med eksisterande eller planlagde nattanlegg.

Landbruksdirektoratet har meldt inn ei generelt fråsegn med omsyn til jordbruk og skogbruk i området. Dei peikar på at i høyringsdokumenta må det kome klart fram korleis Fylkesmannen vurdera landbruksinteresser, til dømes, traktorveg, skogsbilvegar gjennom vernearealet, støl og seterområde, beite og reindrift. Landbruksdirektoratet peikar på at forskrifta må formulerast slik at det ivareteke landbruksinteressa i verneområdet.

Fylkesmannen tek fråsegna til Landbruksdirektoratet til etterretning, men vil peike på at bruksinteresser hjå grunneigar er ein sentral del av arbeidet med forskrifta, og at skogbruksnæringa sine representantar har hjelpt grunneigar med prosessen. Området har ikkje støls-drift, det ligg utanfor reindriftsområde, det er opna for beite i forskrifta ,jf. § 4, det er opna spesifikt for landbruksrelaterte skjøtselstiltak i delar av verneområdet markert i vernekartet. Det er opna for vedlikehald av eksisterande vegar merka på vernekartet. Det er ikkje naudsynt å bruke verneområdet for å nå vyrkeskog i regionen. Prosessen er samordna mellom miljø og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen.

Forsvarsbygg ber om at det i forskrifta blir teke omsyn til militær operativ verksemd inklusiv avgang og landing med Forsvarets luftfartøy.

Fylkesmannen tar fråsegna til ettereting, og opnar for operativ militær verksemd i forskrifta.